



Åse Hundvin  
Skornesvegen 60  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1038 - 16/8576

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
13.04.2016

## Registrert manglande lokk på septiktank. Varsel om vedtak om pålegg og tvangsmulkt - gbnr 56/42 Hundvin.

Lindås kommune har 22.03.2016 motteke melding frå føretaket Johny Birkeland Transport om at septiktanken på gbnr 56/42 manglar lokk.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 28-6 at «Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem». Kravet her gjeld alle opne behaldarar for væske.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at septiktanken til ei kvar tid er sikra. Ein usikra eller dårleg sikra kum kan føra til at menneske eller dyr fell ned i kummen. Lokk på kum må vera utført i solide material og vera så tett at ikkje barn kan koma igjennom det, samt vera forsynt med forsvarlig lås eller anna stengsel, slik at det ikkje lett kan løftast av eller skuvast til side.

I plan- og bygningsloven (pbl) § 31-3 står det blant annet følgende om sikring og istandsetting:

«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjemmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene. Blir plikten ikke overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting.»

**Septiktanken må sikrast umiddelbart og nytt lokk må monterast. Frist for arbeidet vert sett til 04.05.2016.**

### Forhåndsvarsel om pålegg om sikring og istandsetting:

I samsvar med pbl § 32-2 første ledd, vert det med dette gjeve varsel om at bygningsstyresmakta med heimel i pbl § 31-3, vil kunne gjera vedtak om pålegg om sikring av septiktanken dersom orientering om at septiktanken er sikra ikkje er mottatt innan den fastsette fristen.



### Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

I samsvar med pbl § 32-2 andre ledd, vert det med dette gjeve varsel om at bygningsstyresmakta med heimel i pbl § 32-5, vil kunne gjera vedtak om tvangsmulkt dersom orientering om at septiktanken er sikra ikkje er mottatt innan den fastsette fristen.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å sikra septiktanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta ein avløpsleidning/anlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføra dette arbeidet.

Bygningsstyresmaktene skal underrettast skriftleg når nytt lokk er montert. Bruk vedlagte skjema for tilbakemelding. Arbeidet kan dokumenterast ved innsending av bilete. Skjema sender du til

- [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Mangler lokk - gbnr 56/42 Hundvin  
AnleggID=68785\_OppdragID=1812893\_DSC00028  
Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

#### **Mottakarar:**

Åse Hundvin

Skornesvegen 60 5955

LINDÅS